



## MØTEINNKALLING

### Møre bispedømmeråd 2016-2019

**Dato:** 16.06.2017 kl. 10:00

**Sted:**

**Arkivsak:** 17/00414

**Arkivkode:** 421

Mulige forfall meldes snarest til administrasjonen v. Anina Sørli Olsen, as698@kirken.no, tlf. 71250688.

Åpning ved Ingeborg Midttømme

---

## SAKSLISTE

### Godkjenning av innkalling og saksliste

- Møteinnkalling Møre bispedømmeråd 16.06.2017

### Godkjenning av protokoll

- Protokoll frå møtet i Møre bispedømmeråd 28.04.2017

---

### Tilsettingssaker

28/17

Tilsetting av sokneprest i Skodje sokn i Austre Sunnmøre prosti  
Saksordfører Maren E. Jenssen

29/17

Tilsetting av sokneprest i Voll og Vågstranda sokn i Indre Romsdal prosti  
Saksordfører Frode Rabbevåg

30/17

Tilsetting av sokneprest i Stangvik, Todalen og Åsskard sokn  
Saksordfører Maren E. Jenssen

31/17

Tilsetting av sokneprest i Borgund sokn i Nordre Sunnmøre prosti  
Saksordfører Olav Rønneberg

---

### Saker til behandling

32/17

Rekneskapsrapport pr 30.04.2017  
Saksordfører Frode Rabbevåg

33/17

Energiøkonomisering i kyrkjebygg i Møre bispedømme -  
samarbeidsprosjekt med utvalde fellesråd  
Saksordfører Anette Fredly

34/17

Høring - forslag til nye regler ved valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet  
Saksordfører Olav Myklebust

35/17

Høring - forskrift om Den norske kirkes medlemsregister  
Saksordfører Rikke E.G. Kopperstad

36/17

Arbeidsplassundersøkingane i Møre bispedøme 2016  
- *Unntatt offentlighet*  
Saksordfører Per Eilert Orten

37/17

Søknad om samanslåing av Ålesund og Volsdalen sokn  
Saksordfører Therese K. B. Utgård

38/17

Klage vedr gravmonument  
Saksordfører Ann Kristin Sørvik

---

### Referatsaker

39/17

Referatsaker 16.06.2017

- Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 10.05.2017
  - Referat frå kontaktmøte i Oslo 04.05.2017
  - Referat frå møte i RAMU Møre 10.mai
  - Styringssamtaler våren 2017 - bispedømmene i Den norske kirke
  - Revisjon av årsregnskapet for Møre bispedømmeråd 2016
- 

### Orienteringssaker

40/17

Orienteringssaker 16.06.2017

- Tjenestebolig for prester i ressursvake områder
- Vedr søknad om låneopptak - godkjenning
- Avgjørelsesmyndighet om kirkelig inndeling - vurdering

Molde 07.06.2017



## MØTEPROTOKOLL

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 28.04.2017 kl. 10:00  
**Stad:** Møre bispedømekontor  
**Arkivsak:** 17/00414

Opning i kapellet  
v/Olav Gading

**Tilstades:** Ann-Kristin Sørvik, Frode Rabbevåg, Per Eilert Orten, Anette Fredly, Aud Toril Gagnat, Rikke Kopperstad, Olav Myklebust, Margaret Mørk, Hilde Vatne Lande, Olav Gading.

**Møtende varamedlemmer** Hilde Vatne Lande for Maren Elgsaas Jensen, Olav Gading for Ingeborg Midttømme, Aud Toril Gagnat for Olav Rønneberg, Margaret Mørk for Therese Utgård.

**Forfall:** Therese Utgård, Ingeborg Midttømme, Olav Rønneberg, Maren Elgsaas Jensen.

**Andre:** Marianne H Brekken – under sak 20/17

## SAKSLISTE

Side

### Godkjenning av innkalling og saksliste

= Møteinnkalling Møre bispedømeråd 28.04.2017 3

### Godkjenning av protokoll

= Protokoll Møre bispedømeråd 27.02.2017 3

### Saker til behandling

[15/17](#) Rekneskapsrapport pr. 31.03.2017 3

[16/17](#) Fordeling trusopplæringsmidlar 2017- Møre bispedøme 3

[17/17](#) Vurdering av studentpresttjeneste i Møre 4

[18/17](#) Personalplanutval i Møre bispedøme - mandat 4

[19/17](#) Oppnevning av representanter fra Møre bispedømmeråd til Representantskapet for stiftelsen Kirkens bymisjon Møre 6

20/17 Dialog i forkant av Kirkens Nødhjelps Representantskapsmøte 2017 7

### Tilsettingssaker

21/17 Tilsetting av sokneprest i Voll og Vågstranda sokn i Rauma kommune, Indre Romsdal prosti. 7  
- *Unntatt offentlegheit*

22/17 Tilsetting av sokneprest i Stangvik, Todalen og Åsskard sokn i Surnadal kommune i Indre Nordmøre prosti. 8  
- *Unntatt offentlegheit*

23/17 Tilsetting av sokneprest i Stranda og Liabygda, Austre Sunnmøre prosti. 8  
- *Unntatt offentlegheit*

24/17 Tilsetting av sokneprest i Sykkylven sokn i Austre Sunnmøre prosti. 9  
- *Unntatt offentlegheit*

25/17 Tilsetting av kapellan i Ålesund og Volsdalen sokn i Nordre Sunnmøre prosti. 9  
- *Unntatt offentlegheit*

### Orienteringssaker

26/17 Orienteringer 28.04.2017 10

= Visitasprotokoll Ørsta 14-19 mars 2017 10

### Referatsaker

27/17 Referatsaker 28.04.2017 10

= Ledige stillingar og delvis plan for tilsetting, februar 2017 10

= Til IKOs eiere - ber om innspill til nye styremedlemmer 10

= Tilskuddsbrev 2017 10

= Referat fra Sentralt arbeidsmiljøutvalg av 1. desember 2016 10

= Referat frå RAMU Møre av 10. februar 2017 10

= Referat AMU 20. januar 2017 10

= Godkjent referat fra sentralt kontaktmøte mellom KUD, PF og teoLOGene av 11.11.2016. 10

= Referat fra kontaktmøte mellom Møre bispedømmeråd og presteskapet av 10.02.2017. 10

= Referat, prostemøte 2. mars 2017 10

25.04.2017





| Saksbehandler | Arkivkode | Arkivsak   | Ugradert |
|---------------|-----------|------------|----------|
| Åshild Stige  | 121       | 17/02919-2 |          |

  

| Saksnummer | Råd/utvalg                   | Møtedato   |
|------------|------------------------------|------------|
| 32/17      | Møre bispedømmeråd 2016-2019 | 16.06.2017 |

## Rekneskapsrapport pr. 30.04.2017

### Vedlegg:

Rekneskap administrasjonen april 2017.pdf  
Rekneskap presteskapet april 2017.pdf

### Saksorientering

#### Administrasjonen:

Lønsutbetalingane følgjer budsjettet. Refusjonane frå NAV er høgare enn venta. Delar av bokført refusjon gjeld foreldrepermisjon framover i tid. Mindreforbruket på kr 328 000 på lønn og godtgjersler kjem i si heilheit frå NAV-refusjonar.

Andre driftskostnader har et lite mindreforbruk.

Reiseutgifter er noko under budsjettet. Det er venta at forbruket vil vere høgare i komande periodar, og at reiseutgiftene i seinare periodar vil samsvare med budsjettet.

#### Presteskapet:

Totale lønsutgifter er ca. kr 850 000 over budsjettet. Vedtaket om delvis vikar ved ledige stillingar, har ikkje fått effekt enno. Det er viktig med ei strammare styring av vikarbruken for å halde lønsbudsjettet.

Det er ikkje utbetalt flyttegodtgjersle så langt i 2017. Refusjon av løn til prostesekretær blir utbetalt seinare på året. Til saman utgjer dette ca. 470 000 kr som er budsjettert, men ikkje er utbetalt.

Kursutgifter er budsjettert med like utbetalingar kvar månad. Pr. 30.04 er det eit mindreforbruk på kr 424 000. Det er venta at heile dette budsjettet blir nytta.

Reiseutgiftene ligg godt under budsjettet. Er usikker på om dette skuldast manglande innsending av rekningar, eller om reiseutgiftene reelt er lågare enn budsjettert.

### Forslag til vedtak

Bispedømmerådet tek rekneskapsrapportane pr. 30.04.2017 til vitande.



| Saksbehandler      | Arkivkode | Arkivsak   | Ugradert |
|--------------------|-----------|------------|----------|
| Tore Johan Øvstebø | 700       | 17/03578-1 |          |

| Saksnummer | Råd/utvalg                  | Møtedato   |
|------------|-----------------------------|------------|
| 33/17      | Møre bispedømeråd 2016-2019 | 16.06.2017 |

## Eneregjøkonomisering i kyrkjebygg i Møre bispedøme - samarbeidsprosjekt med utvalde fellesråd

### Vedlegg:

Retningslinjer for prosjektet  
Prosjektbeskrivelse kortversjon

### Saksorientering

#### Innleiing

Ressursgruppe for Skaparverk og berekraft i Møre bispedøme (RSB i Møre) vart etablert på nytt i 2011 etter at den forrige gruppa leverte sin sluttrapport og la ned arbeidet i 2007. Etter vedtak i Møre bispedømeråd i 2011 har gruppa fylgjande mandat for sitt arbeid:

- i) *Innhente informasjon om og inspirere til ulike lokale prosjekt. Bruke bispedømerådet si heimeside.*
- ii) *Vere representert på fagdagar i regi av Kyrkjerådet om skaparverk og berekraft.*
- iii) *Vegleie fleire kyrkjelydar i Møre til å bli "grøne kyrkjelydar"/miljøbevisste kyrkjelydar*

Pr. mai 2017 har gruppa denne samansetninga:

Arne Wiik, Volda Frikyrkje  
Diakon Emil Knardal, Ålesund kirkelige fellesråd  
Kyrkjeverje Beate Hostad Aukan, kyrkjeverje i Aukra  
Per Fredrik Brun, Molde kyrkjelyd, tidlegare miljøvernssjef Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Tore Johan Øvstebø, diakonirådsgjevar i Møre bispedøme.

Gruppa har sidan våren 2016 hatt to hovudsatsingsområde:

1. Arrangere inspirasjonssamlingar for kyrkjelydar i Møre som er opptekne av diakoniplanen sitt fokus på «Vern av skaparverket» - og som derfor ynskjer å bli grønne kyrkjelydar.
2. Ut frå Klimaplan for Den norske kyrkja (vedteken i 2015) å starte eit lokalt prosjekt for energisparing i kyrkjer og kyrkjelydshus i Møre.

Bakgrunnen for punkt 2 er at Klimaplan for DnK peikar på at energibruk ved drift og vedlikehald av kyrkjebygg utgjer ein svært vesentlig del av DnK sitt såkalla «klimafotavtrykk». Av dei om lag 80 000 tonn CO2 utslepp kvart år frå fellestråda si totale verksemd står oppvarming og vedlikehald av kyrkjebygg for om lag halvparten.

Resursgruppa vil framleis arbeide for at fleire kyrkjelydar i Møre skal bli «grøne» - mellom anna ved å arrangere inspirasjonskveldar for sokneråd og tilsette, og ved å delta i det nasjonale nettverket for Skaparverk og berekraft.

### **Eit nytt prosjekt tek form**

Med bakgrunn i konklusjonane i Klimaplan for DnK, meinte Ressursgruppa at dersom vi skulle lage eit regionalt «miljøprosjekt» som verkeleg kunne redusere klimautsleppa frå DnK i Møre måtte vi involvere fellestråda. Styreleiar i kyrkjeverjelaget i Møre vart dermed invitert til RSB i Møre sitt møte 9. januar 2017.

I samarbeid med styret for kyrkjeverjelaget i Møre, vart Harald Ringstad frå KA invitert til felles fagdag for kyrkjeverjer og prostar 13. mars 2017.

For å følge opp fagdagen 13.03. bestemte RSB i Møre i dialog med styreleiar for kyrkjeverjelaget, Turid Urkedal Valderhaug å sette ned ei **foreløpig prosjektgruppe** for å arbeide vidare med denne saka i samsvar med engasjementet på fagdagen.

Stiftsdirektør Bjørn Olaf Storhaug vart 19.04. informert i eige møte med representantar frå RSB i Møre om ideen om å etablere eit prosjekt i Møre med fokus på energiøkonomisering i kyrkjebygg. Stiftsdirektøren stilte seg positiv til vidare arbeid med ideen.

Kyrkjeverjelaget utpeika kyrkjeverje i **Tingvoll Marit Lindberg** til å delta i den foreløpige prosjektgruppa saman med **Harald Ringstad frå KA** og to representantar frå RSB i Møre (**Per Fredrik Brun og Tore Johan Øvstebø**).

4.mai 2017 vart det halde eit møte i den foreløpige prosjektgruppa på bispekontoret i Molde der også stiftsdirektør Storhaug deltok i deler av møtet. Referat frå dette møtet er vedlagt saka.

Når saka no vert lagt fram for Møre bispedømeråd er det for å forankre prosjektet i det øverste organet i bispedømet, og for formelt å opprette ei overordna styringsgruppe og ei prosjektgruppe. I neste omgang vil Møre bispedømeråd få saka tilbake for behandling av prosjektbeskrivelse, prosjektplan og budsjett.

I nær forståing med leiar for styret i kyrkjeverjelaget i Møre, Turid Urkedal Valderhaug vert denne saka teken opp parallelt både i Møre bispedømeråd og i styret for kyrkjeverjelaget i Møre, med framlegg til parallelle vedtak i begge fora.

*(I framlegg til vedtak punkt 3 a – e, vert «Møre bispedømeråd» erstatta med «Kyrkjeverjelaget i Møre» når saka kjem opp i styret for kyrkjeverjelaget.)*

Dersom Møre bispedømeråd stiller seg bak prosjektet vil det bli utarbeida meir detaljerte planar, men ei kortfatta prosjektskisse er vedlagt saka, der desse forholda vert understreka:

- Den foreløpige prosjektgruppa foreslår at prosjektet får namnet «Energiøkonomisering i kyrkjebygg i Møre bispedøme.»
- Prosjektet skal leiast av ei styringsgruppe av minimum fire medlemmer der halvparten vert utpeika av Møre bispedømeråd og halvparten vert utpeika av styret for kyrkjeverjelaget i Møre og Romsdal. Styringsgruppa vedtek handlingsplan og budsjett.
- Under Styringsgruppa skal det etablerast ei prosjektgruppe som leier prosjektet i det daglege og som rapporterer til styringsgruppa.
- Utkast til retningslinjer for leiing av prosjektet «Energiøkonomisering i kyrkjebygg i Møre» er vedlagt saka. Det er ein føresetnad at retningslinjene vert vedtekne både i Møre bispedømeråd og i styret for kyrkjeverjelaget i Møre før dei vert gjort gjeldande.



- Dei økonomiske kostnadane til konkrete tiltak i kyrkjene må dekkast fullt ut av dei lokale fellesråda saman med midlar frå ENOVA og frå andre eksterne bidragsytarar.
- Møre bispedømmeråd forpliktar seg berre til å dekke administrative utgifter til oppstart av prosjektet, samt reisekostnader til dei to medlemmene i prosjektgruppa frå RSB - Møre.
- Dersom det skal nyttast lønsmidlar til godtgjering av prosjektleiar, må desse dekkast fullt ut av tilskotsmidlar frå ENOVA og eventuelt andre eksterne bidragsytarar.
- Prosjektet skal involvere utvalde fellesråd som sjølv har eigeninteresse av å delta i prosjektet, og som vil bruke eigne personalressursar i oppfylgginga.
- Prosjektet skal mellom anna resultere i ei enkel nettbasert rettleiing for fellesråd som seinare ynskjer å søke om midlar frå ENOVA til konkrete lokale prosjekt.
- Det er foreløpig ikkje teke endelig stilling til prosjektperiode, men ein ser for seg at prosjektet bør vare frå 2018 – 2020.

### **Forslag til vedtak**

1. På bakgrunn av konklusjonane i Klimamelding for DnK, vil Møre Bispedømmeråd sette i verk tiltak i samarbeid med lokale fellesråd for å redusere klimautsleppa frå kyrkjelig verksemd i Møre bispedøme.
2. Møre bispedømmeråd stiller seg bak etableringa av eit regionalt prosjekt i Møre med tittelen «Energioptimalisering i kyrkjebygg i Møre bispedøme 2018 – 2020.» Prosjektet vert etablert i samarbeid med styret for Kyrkjeverjelaget i Møre.
  - a. Møre bispedømmeråd stiller seg bak organisering av prosjektet slik det er framlagt i saka med overordna styringsgruppe og prosjektgruppe.
  - b. Møre bispedømmeråd oppnemner fylgjande to representantar til den overordna styringsgruppa:

-----  
 Stiftsdirektør oppnemner medlemmer to medlemmer til prosjektgruppa etter innstilling frå «Ressursgruppa for Skaperverk og Berekraft i Møre».

- c. Møre bispedømmeråd føreset at utgiftene til utgreiing og etablering av konkrete energisparetiltak vert dekt av tilskotsmidlar frå ENOVA, andre eksterne bidragsytarar og av dei lokale fellesråda der tiltaka vert sett i verk.
- d. Møresbispedømmeråd bed om at Prosjektbeskrivelse med prosjektplan og budsjett vert lagt fram til endelig godkjenning i Møre Bispedømmeråd innan januar 2018.
- e. Administrative utgifter til styringsgruppa og prosjektgruppa sitt arbeid, fram til vedteken prosjektplan og budsjett er klar, vert dekt innanfor Møre Bispedømmeråd sitt budsjett for 2017 til «Ressursgruppa for skaparverk og berekraft i Møre.»





|                      |                  |                 |                 |
|----------------------|------------------|-----------------|-----------------|
| <b>Saksbehandler</b> | <b>Arkivkode</b> | <b>Arkivsak</b> | <b>Ugradert</b> |
| Bjørn Olaf Storhaug  | 401              | 17/02861-3      |                 |

|                   |                              |                 |
|-------------------|------------------------------|-----------------|
| <b>Saksnummer</b> | <b>Råd/utvalg</b>            | <b>Møtedato</b> |
| 34/17             | Møre bispedømmeråd 2016-2019 | 16.06.2017      |

## Høring - forslag til nye regler ved valg av menighetsråd, bispedømmeråd og kirkeråd

### Vedlegg:

Den norske kirke -Høring - Forslag til nye regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet

Forslag til nye regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet.pdf

Høringsnotat nye regler valg av menighetsråd og bispedømmeråd. Fullversjon.pdf

Nye regler for valg - forslag til hørings svar

### Saksorientering

Kirkerådet har sendt på høring «Forslag til nye regler ved valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet». Bakgrunnen er blant annet erfaringer man gjorde med kirkevalget i 2015. Stortingets kirkeforlik i 2008 forutsatte en videre demokratisk utvikling av kirkens rådsstruktur. Hovedgrepet var at kirkevalget skulle holdes samtidig med og i umiddelbar nærhet av lokalene til de politiske valgene (Kirkelovens § 4). Fra 2015 ble det også mulig å fremme andre kandidatlistene i tillegg til nominasjonskomiteens liste ved bispedømmerådsvalget, og det var lovfestet at minst fire av de sju leke medlemmene av bispedømmerådet skulle velges ved direkte valg (Kirkelovens § 23).

Reglene vil bli behandlet av Kirkemøtet i 2018 med forventet ikrafttredelse i forbindelse med kirkevalget i 2019. Departementet arbeider samtidig med en ny helhetlig lov for alle tros- og livssynssamfunn som erstatning for dagens kirkelov. Den nye loven vil trolig vedtas i 2020, altså etter kirkevalget i 2019.

Møre bispedømmeråd leverte høringsuttalelser om den kirkelige valgordningen også i 2012 (endringer i Kirkeloven) og 2013 (endringer i valgreglene).

Kirkerådet har utformet følgende dokumenter i saken:

Høringsnotat i fullversjon

Høringsnotat i kortversjon

Forslag til regler for valg

Høringsfristen er 14. juni. Møre bispedømmeråd og Møre biskop har fått utsatt høringsfrist til 19. juni. Etter bispedømmerådets behandling vil det bli tatt stilling til Møre biskop sitt hørings svar.

Forslag til vedtak bygger på den videre saksutredning og forslag til hørings svar som ligger vedlagt.

### **Forslag til vedtak**

1. Møre bispedømmeråd takker for muligheten til å gi høring til et godt gjennomarbeidet høringsmateriale
2. Møre bispedømmeråd avgir høringssvar slik som framlagt i saksutredning og de konkretiseringer som ble gitt i møtet.



| Saksbehandler | Arkivkode | Arkivsak   | Ugradert |
|---------------|-----------|------------|----------|
| Arvid Helle   | 440       | 17/03404-1 |          |

| Saksnummer | Råd/utvalg                  | Møtedato   |
|------------|-----------------------------|------------|
| 35/17      | Møre bispedømeråd 2016-2019 | 16.06.2017 |

## Høring - forskrift om Den norske kirkes medlemsregister

### Vedlegg:

hoeringsbrev\_31\_mars\_2017\_forskrift\_om\_den\_norske\_kirkes\_medlemsregister.pdf  
hoeringsnotat\_31\_mars\_2017\_forskrift\_om\_den\_norske\_kirkes\_medlemsregister.pdf

### Saksorientering

Kyrkerådet legg til grunn tre motiv for å oppdatere «Forskrift om Den norske kirkes medlemsregister». Disse motiva er 1) For å klargjere tilhøvet mellom sentral og lokal handsamingsansvarleg, 2) oppdatere og tilpasse omgrep til dagens praksis, og 3) styrke informasjonssikkerheten i registeret.

Høyringsdokumentet svarar godt på oppdraget frå Kyrkerådet. Det er lett å be om at bispedømerådet gir si tilslutning til det aller meste i høyringsdokumentet sine formuleringar. Samstundes er det nokre punkt som utfordrar til vidare refleksjon.

### Forslag til vedtak

#### Ansvarsfordeling

Det er fint at ny forskrift ryddar opp i ansvarstilhøvet mellom sentral handsamingsansvarleg og lokal handsamingsansvarleg og at ny §4 presiserer at lokalt handsamingsansvar er avgrensa til å omfatte all handsaming av personopplysningar knytt til dei kyrkjelege handlingane i **aktuelt** fellesrådsområde.

Høyringsdokumentet prøver også å **rydde opp i tilhøvet mellom handsamingsansvarleg og kyrkjebokførar**. Dokumentet forstår kyrkjebokførar som den «som har ansvaret for å se til at de kirkelige handlinger blir gjennomført og at de meldes til behandlingsansvarlig». I og med at registrering av opplysningar er overført frå kyrkjebøker til elektronisk medlemsregister, så fell registreringsansvaret til kyrkjebokføraren bort. Vidare skjer ikkje lenger inn- og utmelding ved samtale/melding til kyrkjebokførar, men direkte til lokal handsamingsansvarleg eller elektronisk. Kyrkjebokførar får derimot melding frå lokal handsamingsansvarleg når inn- og utmeldingar har funne stad. Kyrkjebokføraren har såleis framleis det pastorale ansvaret for dei kyrkjelege handlingane, medan registreringsansvaret er lagt hos lokal handsamingsansvarleg.



Med omsyn til **oppfølgingsansvar** i samband med registreringar (t.d. ved innmelding), seier ikkje høyringsdokumentet noko om dette. Det er ein veikskap at høyringsdokumentet ikkje reflekterer pastoralt oppfølgingsansvar i samband med inn- og utmeldingar i registeret.

Ei anna problemstilling som høyringsdokumentet ikkje tar opp, er **praksis omkring utskriving av attestar** frå medlemsregisteret. Dette er eit sagn og det er ulik praksis mange stader. Det kan vere ein god måte å gi uttrykk for dei ulike rollane til lokal handsamingsansvarleg og kyrkjebokfører, at forrettande prest underskriv og stemplar alle originalattestar/1.gongsattestar (Attestar for inn- og ut-melding og attestar som blir utlevert i samband med kyrkjelege handlingar) med kyrkjebokfører sitt stempel. Så ligg ansvaret for å gi opplysningar frå medlemsregister og å skrive ut 2.gongs-attestar hos lokal handsamingsansvarleg.

Omgrepet kyrkjebokfører har lang historie og omgrepet er forankra i kyrkjerett og i lovverk. Høyringsdokumentet peikar på at ordrBruken forvirrar, sidan kyrkjebokføring ikkje lenger skjer og sidan lokal handsamingsansvarleg har oppgåva med å føre inn og ut av registeret. Det er ikkje lenger samsvar mellom **omgrepet kyrkjebokfører og det ansvar presten har for medlemsregisteret**. Presten har det pastorale ansvar for dei kyrkjelege handlingane, at dei blir meldt inn til handsamingsansvarleg og presten skriv (ofte) ut attestar i samband med gjennomføring av kyrkjelege handlingar, inn- og utmeldingar. Sjølv om omgrepet er sterkt forankra, er namnet misvisande for presten sitt ansvar. Er det ikkje på tide å vurdere eit anna omgrep som er meir dekkande for presten sitt medansvar i drifta av medlemsregisteret? Kan omgrep som «pastoralt ansvarleg»/ «gjennomføringsansvarleg»/ »utføringsansvarleg», betre uttrykkje presten sitt medansvar for registreringane i medlemsregisteret?

### Informasjonssikkerhet

Når det gjeld reglane for kven som har tilgang til opplysningar frå medlemsregisteret gir ny forskrift viktige presiseringar. Høyringsdokumentet legg opp til meir **dynamisk** bruk av medlemsregisteret.

Det er viktig at forskrifta er særst tydeleg på korleis lokal handsamingsansvarleg skal handtere interessene til dei partar som ønskjer tilgang til opplysningar frå registeret. Ny formulering i §7 slår fast at berre personar som har «**tjenestlig behov**» skal ha tilgang til opplysningar frå registeret. At paragrafen listar opp kven dette er, gir tryggleik til lokal handsamingsansvarleg.

At dokumentet tydeleg opnar for at **e-postadresse/telf** kan registrerast i medlemsregisteret er også godt nytt. Slik kan ein lettare kommunisere i samband med trusopplæring og i anna kontakt med medlemene. Det er likevel viktig at registrering av e-postadresser og bruk av disse kan skje utan at ein utfordrar personvernet og reglar for informasjonssikkerhet.

### Statistikk og dagsregister

I aukande grad hentar ein ut statistikkdata frå medlemsregisteret. Det er positivt at ein reduserer dobbelregistreringar og at statistikkarbeidet kan utførast så rasjonelt som råd er. Enno er potensialet stort for rasjonalisering, ikkje minst ved å samordne registreringane i årsstatistikk og trusopplæringsrapportering. Innføring av digitalt dagsregister, sams for alle kyrkjelydar, vil gi meir presist tall-material for kvar kyrkjelyd og forbetre samanlikningsgrunnlaget med tidlegare år og med andre kyrkjelydar. Eit godt dagsregister vil bidra til å utvikle presise medlemsregistreringar og gi høgare kvalitet i føring av registeret.

### Opplysningar om gravferd

Med omsyn til kva opplysningar som skal registrerast i samband med jordfestelse, så gir ikkje ordrBruken i §6 andre ledd, bokstad d) tydeleg forståing. Forskrifta sin | 6 lyd slik: «Med sted for jordfestelse menes soknet der begravelsessermonien skjedde», så forvirrar



ordbruken, ikkje minst har uklar presisjon skapt utfordringar ved rapportering til årsstatistikk . Ofte tenkjer ein at begravelsessermoni viser til gravferdshandlinga, slik ho blir forretta i kyrkja eller i gravkapell. For det meste skjer jordfestinga, i alle høve på Vestlandet, ute på gravstaden, og det er ikkje uvanleg at gravstaden er lokalisert annan stad og i anna sokn enn der gravferda skjer. Det er naudsynt med større presisjon i språkbruken på dette punktet. Ordet jordfesting er ikkje dekkande i ei tid då ein aukande del av alle gravferder skjer med kremasjon, eller med jordpåkasting inne i kyrkje/sermonirom. Vidare er heller ikkje «begravelsessermoni» eit godt uttrykk. I Den norske kyrkja sin terminologi er gravferd ei kyrkjeleg handling. Ordet sermoni opnar for langt vidare tolking av form og innhald enn gravferdsliturgien inviterar til. Ordet «begravelsessermoni» bør difor ikkje nyttast. Kan begravelseshandlinga forståast i 2 deler, del A) stad/sokn der gravferdshandling fram til jordpåkasting skjer og B) stad/sokn der jordpåkasting skjer?

**På denne bakgrunn ønskjer bispedømerådet følgjande endring i framlegg til forskrift om Den norske kyrkja sitt medlemsregister.**

Ny ordlyd i § 3, Definisjoner, bokstav. d)

«Pastoralt ansvarlig: den som er ansvarlig for å gjennomføre og rapportere/melde kirkelige handlinger til lokal behandlingsansvarlig, samt ansvarlig for pastoral/kirkelig oppfølging av registreringer i medlemsregisteret».

Utvidet § 5 Registreringsplikt, nytt ledd 4:

Pastoralt ansvarlig (kirkebokfører) gir aktuell 1.gangsattest i samband med kirkelige handlinger, inn og ut-meldinger. 2.gangsattest utstedes av lokal behandlingsansvarlig.

Ny ordlyd i §6, Opplysninger som skal registreres, andre ledd, bokstav d, andre setn:

«Gravferd: Navn på og fødselsnummer for avdøde, dato for dødsfall. og dato og sted/sokn der begravelseshandling del A) ble utført».



| Saksbehandler       | Arkivkode | Arkivsak   | Ugradert |
|---------------------|-----------|------------|----------|
| Bjørn Olaf Storhaug | 423       | 17/03568-2 |          |

| Saksnummer | Råd/utvalg                   | Møtedato   |
|------------|------------------------------|------------|
| 37/17      | Møre bispedømmeråd 2016-2019 | 16.06.2017 |

## Søknad om samanslåing av Ålesund og Volsdalen sokn

### Vedlegg:

Søknad om sammenslåing av Ålesund og Volsdalen menigheter 2017  
KR innvilgar forsøk med felles sokneråd for Ålesund og Volsdalen sokn (L)(116500).pdf

### Saksorientering

Ålesund og Volsdalen sokneråd i søker om samanslåing av Ålesund og Volsdalen sokn med verknad frå 1/1-18.

Ålesund og Volsdalen sokn fekk godkjent søknad om forsøk med felles sokneråd for perioden 2015 – 2019, jfr vedtak frå Kyrkjerådet 27/2-15. Ålesund og Volsdalen høyrer til i Nordre Sunnmøre prosti.

Etter Kyrkjelova § 2 andre ledd ligg det til Kongen å gjere endringar i den kyrkjelege inndelinga og å fastsetje namn på sokn. Det ligger i loven høve til gi bispedømmerådet slik mynde, og som departementet har gjort etter gjeldande rett. (Departementet har varsla endringar i oppgåvefordelinga mellom bispedømmeråd og departement i inndelingssaker, men det vil ikkje ha innverknad på dei spørsmåla som blir handsama i denne saka)

Ålesund sokn med Ålesund kirke og Skarbøvik kirke har i dag

- 7233 medlemmer
- 103 gudstenester med 7373 deltakarar
- 38 konfirmantar
- 22 vigse
- 73 gravferd

Volsdalen sokn med Volsdalen kirke har i dag

- 3484 medlemmer
  - 56 gudstenester med 3755 deltakrar
  - 28 konfirmantar
  - 1 vigse
  - 29 gravferd
- (kjelde SSBstatistikk 2016)

Soknerådet grunngir søknaden for samanslåing med mellom anna desse momenta:

- Felles stab og dagleg leiing
- Gode erfaringar frå forsøksperioden

- Felles økonomi- og rekneskapsføring
- Auke moglegheit for tilstrekkeleg med kandidatar til soknerådsvil
- Ålesund og Volsdalen har historisk vore eit sokn fram til 1964
- Prestetenesta går allereie på tvers av soknegrensene

#### **Nokre økonomiske og administrative vurderingar**

Det blir i søknaden peika på synergieffektar til leiing og personalhandsaming. Endringa vil ikkje i seg sjølv endre gudstenestefordelinga eller gudstenestetatet. Kyrkjebokføringa for begge sokna skjer i dag ved felles servicekontor for alle kyrkjelydane i Ålesund. Ved samanslåing vil Ålesund og Volsdalen sokn ha ei kyrkjebok. Innfor ramma av forsøksordninga er det i dag ein sokneprest for Ålesund og Volsdalen. I tillegg er det pt to kapellanstillingar. Dette vil kunne bli vidareført.

Det er ikkje søkt om andre grensereguleringar i samband med samanslåinga. Verknadsdato for samanslåinga er ønska frå 01.01.2018. Bispedømerådet har på prinsipielt grunnlag teke dette opp med Kyrkjerådet ved tidlegare høve. Kyrkjerådet har sagt:

*«Vi har uttalt i ulike sammenhenger at en sammenslåing av sokn eller en endring av soknegrenser i hovedsak bør tre i kraft pr 1. januar året etter at vedkommende myndighet har godkjent sammenslåing eller en endring. Hensynet til endringer i soknekatalog, medlemsregistre og statistikk tilsier at dette bør være hovedregelen.»*

#### **Fråsegner som følgjer saka**

- Soknemøtet for Ålesund og Volsdalen 23.04.2017 vedtok samrøystes å tilrå soknesamanslåing.
- Prosten i Nordre Sunnmøre prosti tilrår samanslåing (dokument vil bli lagt fram til møtet)

Dei argumenta for samanslåing som er lagde fram av instansane i prosessen er tilstrekkeleg tungtvegande og samstemte til å rå bispedømerådet til å gjere vedtak i tråd med framlegget.

#### **Forslag til vedtak**

1. Møre bispedømeråd vedtar samanslåing av Ålesund sokn og Volsdalen sokn med verknad frå 1. januar 2018.
2. Det nye namnet på soknet er «Ålesund og Volsdalen sokn»
3. Det nye soknet er å sjå på som ein kyrkjebokførande eining



| Saksbehandler     | Arkivkode | Arkivsak    | Ugradert |
|-------------------|-----------|-------------|----------|
| Anina Sørli Olsen | 421       | 17/00414-22 |          |

| Saksnummer | Råd/utvalg                   | Møtedato   |
|------------|------------------------------|------------|
| 39/17      | Møre bispedømmeråd 2016-2019 | 16.06.2017 |

## Referatsaker 16.06.2017

- Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 10.05.2017
- Referat fra kontaktmøte i Oslo 04.05.2017
- Referat fra møte i RAMU 10.05.2017
- Styringssamtaler våren 2017 – bispedømmene i Den norske kirke
- Revisjon av årsregnskapet for Møre bispedømmeråd 2016

## Saksorientering

Referatsaker følger vedlagt.

## Forslag til vedtak

De fremlagte sakene tas til orientering.